

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 13.12.2007 **Tid:** 09.00-16.00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 21 medlemmer møtte 21, inkl. 0 varamenn:

Andre som var tilstade på møtet: Adm.sjef Ramsli, ass.adm.sjef Våge og komm.kasserar Eikestad.

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 17. desember 2007

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent.

VAL AV TRE REPRESENTANTAR SOM SKAL SKRIVA UNDER MØTEPROTOKOLL:

Helga Nygård, Jens Harald Abotnes, Marit Aase.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Ordføraren orienterte om møteplan for våren 2008, der det vert lagt til rette for felles politiske gruppemøte på kommunehuset, mandagar før møta i OO, NAT, PØ. PØ-møtet vert flytta frå mandag til torsdag i same veka som dei andre utvala.

Ordføraren orienterte om at Ragnhild Langeland og Per Eikestad har arbeidd 40 år i Samnanger kommune. I julelunsjen markerte kommunestyret dette og takka dei for arbeidsinnsatsen dei har gjort for kommunen.

Adm.sjefen orienterte om system for skuleutvikling og korleis nasjonale prøvar vert arbeidd med på skulane. Skuleeigar, OO, skal handsama både utviklingsmåla og undersøkingane kvar vår. Kommunestyret fekk utdelt rutinen i møtet.

Ordføraren orienterte om at BKK kjem og orienterer kommunestyret den 21. februar om planane i Aldalen.

UTVALET SITT KVARTER:

Jon Magne Bogevik stilte med utgangspunkt i dom i rettsak mellom Fagforbundet og Granvin herad spørsmål om status for deltidsstillingar i PLO og kva tiltak som er gjort for at dei det gjeld får utvida stillingane sine. I tillegg ønska han informasjon om mandatet til referansegruppa som er sett ned i samband med Aldalutbygginga.

Ordførar og adm.sjef orienterte om ein prosess som har vore i kommunen for å få auka opp ein del deltidsstillingar i pleie og omsorg. Sjukepengerefusjonar er nytta slik at 10 personar har fått utvida stillingane sine. Det er etablert ein "Buffer"-turnus med desse midlane. Ikkje alle finn ordninga god, og nokre har sagt opp denne delen av stillinga. Utfordringa er å få folk til å ta på seg alle type arbeidsoppgåver. Når det gjeld referansegruppa har dei hatt eit møte med BKK og fått orientering om Aldalutbygginga. Kommunestyret vil få nærare informasjon om dette.

Øyvind Røen stilte spørsmål om kommunen har søkt om skjønnsmidlar til skulane for elevar med ekstra behov. Fylkesmannen sende ut brev om midlar som kommunen ikkje har svara på. Han stilte spørsmål om kommunen dermed kan ha gått glipp av midlar/inntekter.

Adm.sjefen svarte at det kjem brev frå fylkesmannen i juni/juli kvart år der dei kommunane som kan dokumentera ekstraordinære utgifter kan melda frå om dette. Dette er del av fylkesmannen sitt arbeid med å fordela skjønnsmidlane. Tidlegare år ha kommunen sendt tilbakemelding på område og utgifter me har meint burde gi ekstra midlar.

Administrasjonssjefen vurderte situasjonen i år slik at det ikkje var konkrete tiltak me kunne rapportera om, og ut frå skrivet og ut frå andre tilbakemeldingar frå fylkesmannen såg me ikkje

grunn til å senda tilbakemelding. Etter denne fristen har me fått mottak av fleire flyktningar som fylgje av familiegjenforening, og me har vurdert å melda dette inn til fylkesmannen for å verta vurdert i fordelinga av gjenståande løyving. Me arbeider her med å få dokumentert meirkostnad ut over statstilskot.

Sture Tveit stilte spørsmål om nasjonale prøvar, og han ønska at kommunestyret skulle få ei orientering om status og tiltak. Adm.sjefen orienterte om systemet for skulevurdering, jfr. skriv og meldingar. OO har fått delegert frå kommunestyret ansvaret med å følgje opp dette. OO kan, når dei har handsama saka leggja ho fram for kommunestyret anten til orientering eller til handsaming. Etter vedteken plan skjer det i løpet av våren 2008.

Sigmund Dyrhovden stilte spørsmål om avisoppslag i Samningen vedk. legetenesta. Han stilte spørsmål om ikkje kommuneleiinga burde ha orientert kommunestyret om forholdet på legekantoret i haust.

Adm.sjefen orienterte om den prosessen som har vore. Sidan det her er spørsmål om midlar var det naturleg å handtera det i samband med budsjettet. Det var ein dialog med eininga og med kommunelege I i samband med budsjettarbeidet, og ønskja frå kommunelegen er særleg nemnd i adm.sjefen sine merknader til budsjettet for 2008. Her vert det lagt opp til ein omfattande prosess m.a. for å få vurdert om dagens ordning med ei blanding av fast tilsette legar og privatpraktiserande lege og turnuskandidat er føremålstenleg. Dagens legevakt med eigen ordning og med legevaktsentral er alt til vurdering. Det vart understreka av adm.sjef at kommunelege I har lagt ned mykje arbeid, og legekantoret har fått på plass ein god del rutinar. Det er likevel slik at leiarar og nestleiarar må sjølv ta ansvar for at eigen arbeidsinnsats er forsvarleg. Prioritering av arbeidsoppgåver må gjerast kvar dag. Sidan kommunelege I er i eit vikariat, er oppseiingstida berre 1 mnd., noko som gjer det svært utfordrande å få på plass ei tenleg legetenesta for dei komande mnd. Det er svært beklageleg at me får ein situasjon framover med ustabil legedekking.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0067/07	07/00404 KOMMUNALE AVGIFTER OG GEBYR FOR 2008.
0068/07	07/00431 REGULERING AV HUSLEIGA I KOMMUNALE BYGG 2008
0069/07	07/00404 FESTEAVGIFT 2008
0070/07	07/00404 FASTSETJING AV RENOVASJONGEBYR 2008
0071/07	07/00453 FASTSETJING AV GODTGJERSLA TIL ORDFØRAR 2008
0072/07	07/00165 BUDSJETT 2008.
0073/07	07/00428 ØKONOMIPLAN 2008 - 2011
0074/07	07/00425 UTTALE TIL FRAMLEGG TIL NY STRUKTUR FOR POLITISTASJONS- OG LENSMANNSDISTRIKTA I HORDALAND POLITIDISTRIKT
0075/07	07/00382 KLAGENEMND - EIGEDOMSSKATT 2008-11.
0076/07	07/00289 VAL AV FORLIKSÅRÅDSMEDLEMMAR 1. MAI 2008 TIL 1. JANUAR 2013.
0077/07	07/00289 LAGRETTEMEDLEMMER OG MEDDOMMARAR FOR GULATING LAGMANNSRETT 01.05.08 31.12.12.

- 0078/07 07/00289
VAL AV SKJØNNSMENN 2008 TIL 2012.
- 0079/07 07/00289
JORDSKIFTEMEDDOMMARAR 2008 - 2012.
- 0080/07 07/00289
**MEDDOMMARAR TIL NORDHORDLAND TINGRETT FRÅ
01.05.08-01.01.13**

0067/07

KOMMUNALE AVGIFTER OG GEBYR FOR 2008.**Handsaming i møte:**

Kommunestyret fekk utdelt notat om slamtømming og gebyr med forslag om nye satsar som inneber ei anna inndeling av gruppene..

Adm.sjefen sette fram følgjande endringsframlegg:

”Tankar 0-4 m3 – fast pris kr. 1.835,-

Tankar 4-10 m3 – fast pris kr. 3106,-.

Tankar over 10 m3 – pris pr. m3 kr. 482,-.”

Det vart røysta over framlegget frå PØ og endringa frå administrasjonssjefen, som vart samrøystes vedteke..

Vedtak:**Kommunale avgifter og gebyr**

**SAMNANGER KOMMUNE
BETALINGSREGULATIV
KOMMUNALE AVGIFTER OG GEBYR 2008**

Avgiftene er inkl. m.v.a.

Innhald betalingsregulativ 2008	
- Heimebaserte tenester	- Graving og attkasting på kyrkjegarden
- Heimehjelp	- Renovasjon
- Matombringning	- Feiing
- Korttidsopphald ved institusjon	- Vatn
- Tryggleiksalarm	- Kloakk
- Barnehagetilbod	- Tømming av slamavskiljar
- Skulefritidsordning - foreldrebetaling	- Tilknytingsavgift
- Kulturskolen	- Sakshandsamingsgebyr
- Kopiering	- Frådeling og grensejustering
- Purregebyr	- Private reguleringsframlegg
- Bruk av idrettsanlegg	- Byggjesøknad
- Bruk av bassenget	- Oppmålingsgebyr
- Utleige av kommunale bygg	

HEIMEBASERTE TENESTER

Som betalingsgrunnlag vert rekna allmen inntekt før særfrådrag frå siste kjende likning.

For alle brukarar som har årsinntekt under 2G gjeld ei abonnementsordning for heimetenesta på kr 150, pr. månad uavhengig av hjelpeomfanget. Timepris er kr 75,- for under 2 timar hjelp pr. månad.

For brukarar som har over 2 G i årsinntekt og som får mindre enn 4 timar hjelp i månaden skal det betalast pr. time.

For brukarar som har over 2 G i årsinntekt og får 4 timar eller meir hjelp i månaden skal det betalast etter ordning med abonnement, noko som inneber ei fast betaling pr. månad uavhengig av hjelpeomfanget.

HEIMEBASERTE TENESTER V/ABONNEMENT

Under 2 G kr. 150,- pr. mnd

2 - 3 G kr. 516,- pr. mnd

3 - 4 G kr. 886,- pr. mnd

Over 4 G kr. 1.272,- pr. mnd

(1 G = kr 66.812,- pr. 01.05.2007)

HEIMEHJELP, PRIS PR. TIME

Under 2 G kr 75,-

2 - 3 G kr. 124,-

3 - 4 G kr. 210,-

Over 4 G kr. 249,-

MATOMBRINGING

Pr. middag kr. 64,-

Kaffe + kvelds kr. 38,-

Kvelds kr. 35,-

KORTTIDSOPPHALD VED INSTITUSJONEN

Pr. døgn kr. 118,-

Dagopphald - dagsenter kr. 59,-

Dagplass m/kaffe og kvelds kr. 90,-

TRYGGLEIKSALARM

Tryggleiksalarm pr. månad kr. 254,-

BARNEHAGETILBOD

Heildagsbarnehage:

5 dagar kr. 2.330,- + mat kr. 178,-

4 dagar kr. 1.864,- + mat kr. 159,-

3 dagar kr. 1.398,- + mat kr. 122,-

2 dagar kr. 900,- + mat kr. 83,-

Søskenmoderasjon 30% for 2, og evt. fleire born i same husstand, 15% for kvart søsken i kommunal og privat barnehage.

Sal av einskilde dagar i barnehagane kr. 196,- inkl. mat, kan ikkje kombinerast med søskenrabatt.

For sein henting kr. 349,-

SKULEFRITIDSORDNINGA (SFO) - FORELDREBETALING

Opphaldstid pr. veke	Pris ekskl. mat
100% (25,5 timar pr. veke)	1.824,- pr. mnd
70% (18 timar pr. veke)	1.278,- pr. mnd
40% (10 timar pr. veke)	730,-pr. mnd
Kjøp av enkeltdag	173,- pr. mnd
Kjøp av enkelttimar	78,- pr time
Betaling for mat + tur-/festpengar	Pris
Heildagstilbod/onsdagar	111,- pr. mnd
Enkeltdagar	28,- pr. dag
Ferietillegg	% opphaldstid x 111,- *
	<i>* (for dei som ikkje har mat i ordinært tilbod)</i>

Foreldrebetalinga er for 11 mnd for eit SFO-tilbod på 210 dagar.

Gebyr ved for sein henting:

For sein henting etter kl 16.30 vert pålagt eit gebyr på kr. 349,-.

Søskenmoderasjon:

Søskenmoderasjon er 30% for 1. søsken og 50% for 2. søsken. Kan ikkje kombinerast med kjøp av enkeltdag/-time.

KULTURSKULEN PR. ÅR.

Gruppe 1. Instrumentopplæring i mindre grupper 2 - 3 elevar kr. 1.982,-
 Gruppe 2. Instrumentopplæring i grupper 4 - 5 elevar kr. 1568,-
 Gruppe 3. Kulturverkstad og større grupper kr. 609,-
 Instrumentleige pr. år kr. 395,-

Søskenmoderasjon 30% for 2, og evt. fleire born i same husstand.
 Søskenmoderasjon gjeld berre for elevar under 18 år.

KOPIERING

Pr. kopiside kr. 3,-

Pr. fargekopiside kr. 5,-

Meir enn 50 kopisider til lag og organisasjonar, pr. kopi kr 2,-

PURREGEBYR

Kommunen fakturerer purregebyr i samsvar med gjeldande lover og satsar på rekningar som ikkje er betalt innan forfallsdato.

TAKSTAR FOR BRUK AV IDRETTSANLEGGET

Kampar for utanbygds lag kr. 4.917,-

Trening (1 1/2 time) for utanbygds lag kr. 2.099,-

Reklame pr. m2 kr. 1.049,-

BILETTPRIS BASSENG

Vaksne kr. 30,-

Born kr. 20,-

UTLEIGE AV KOMMUNALE BYGG**Lag og organisasjonar**

Ekstra reinhald for bruk av kjøkken (vask kjøkken og golv, boss) kr. 352,-

Ekstra reinhald ved større arrangement for bruk av gymsal/kommunestyresal og kjøkken (vask kjøkken, boss, vask golv kjøkken og gymsal/sal) kr. 705,-

Private

Utleige av kjøkken med klasserom/kantine kommunehuset kr. 587,-

Utleige av kjøkken med gymsal/kommunestyresal kr. 1.174,-

Utleige gymsal/kommunestyresal kr. 587,-

Utleige klasserom/kantine kommunehuset kr. 235,-

Utleige faste aktivitetar 1 gang pr. veke i 1/2 år kr. 1.761,-

TAKSTAR FOR FESTEAVGIFT PÅ KYRKJEGARDEN

Festeavgifta for 2008 vert sett til kr. 120,- for vanlege graver og kr. 70,- for barnegraver i barnegravfeltet.

Festeperioden er på 10 år - avgifta vert kravd inn for 10 år om gongen.

RENOVASJONSAVGIFT

Bergensområdets Interkommunale Renovasjonsselskap (BIR) krev inn renovasjonsavgift frå abonnentar i Samnanger kommune. Opplysningar om betalingssatsar er lagt ut på BIR sine nettsider; www.bir.no.

Ein kan også ringja BIR på telefon 815 33 030 for å få opplysningar om betalingssatsane.

FEIEAVGIFT

Feieavgift kr. 300,-

For andre og fleire piper på same hus kr. 120,-

Ekstra tilsyn kr. 200,-

Fresing av pipe kr. 1.040,- pr. pipe

Samnanger kommune har ei lokal forskrift for vass- og avlaupsgebyr (jfr. Kommunestyresak 39/02)

ÅRSAVGIFT FOR VATN

	Stip. forbruk	Fastdel	Forbruksdel	Sum avgift
Fritidshus	80 m3	4.760,-	1.542,-	6.302,-
Forsamlingshus		2.308,-	1.542,-	3.851,-
Bustadhus inntil 80 m2	90 m3	4.760,-	1.736,-	6.496,-
Bustadhus 80 m2 - 100 m2	100 m3	4.760,-	1.928,-	6.688,-
Bustadhus 101 m2 - 120 m2	110 m3	4.760,-	2.123,-	6.883,-
Bustadhus 121 m2 - 140 m2	120 m3	4.760,-	2.315,-	7.075,-
6803)Bustadhus 141 m2 - 160 m2	130 m3	4.760,-	2.508,-	7.269,-
Busta dhus 161 m2 - 180 m2	140 m3	4.760,-	2.702,-	7.462,-
Bustadhus 181 m2 - 200 m2	145 m3	4.760,-	2.799,-	7.559,-
Bustadhus 201 m2 - 220 m2	150 m3	4.760,-	2.894,-	7.654,-
Bustadhus 221 m2 - 240 m2	160 m3	4.760,-	3.087,-	7.846,-
Bustadhus større enn 240 m2	170 m3	4.760,-	3.281,-	8.041,-

Husstandar med vassmålar betalar fastdel på kr. 4.760 + forbruksdel kr. 17,53 pr m3.

ÅRSAVGIFT FOR VATN FOR FLEIRBUSTADBYGG

	Stip. forbruk	Fastdel	Forbruksdel
Blokker			
2 bustader	1,00 m3 pr. m2	4.760,-	Kr. 17.53 pr. m3
3 - 4 bustader	1,02 m3 pr. m2	9.520,-	Kr. 17.53 pr. m3
5 eller fleire	1,05 m3 pr. m2	14.278,-	Kr. 17.53 pr. m3
Bukollektiv/bufellesskap			
2 bustader	1,00 m3 pr. m2	4.760,-	Kr. 17.53 pr. m3
3 - 4 bustader	1,02 m3 pr. m2	9.520,-	Kr. 17.53 pr. m3
5 eller fleire	1,05 m3 pr. m2	14.278,-	Kr. 17.53 pr. m3

ÅRSAVGIFT FOR KLOAKK

	Fast del	Forbruksdel	Sum avgift
Forsamlingshus	kr. 1.046,-	kr. 1.082,-	kr. 2.128,-
Hytter, fritidshus	kr. 1.046,-	kr. 1.082,-	kr. 2.128,-
Bustadhus inntil 80 m2	kr. 1.046,-	kr. 1.217,-	kr. 2.263,-
Bustadhus 81 - 100 m2	kr. 1.046,-	kr. 1.352,-	kr. 2.398,-
Bustadhus 101 - 120 m2	kr. 1.046,-	kr. 1.487,-	kr. 2.533,-
Bustadhus 121 - 140 m2	Kr 1.046,-	kr. 1.621,-	kr. 2.667,-
Bustadhus 141 - 160 m2	kr. 1.046,-	kr. 1.757,-	kr. 2.803,-
Bustadhus 161 - 180 m2	kr. 1.046	kr. 1.893,-	kr. 2.939,-
Bustadhus 181 - 200 m2	kr. 1.046,-	kr. 1.959,-	kr. 3.006,-
Bustadhus 201 - 220 m2	kr. 1.046,-	kr. 2.027,-	kr. 3.073,-
Bustadhus 221 m2 og over	kr. 1.046,-	kr. 2.162,-	kr. 3.208,-
Målt forbruk	kr. 1.046,-	kr. 13,50 pr. m3 vassforbruk	

Alle næringsabbonnentar og offentlege bygg skal ha vassmålar.

ÅRSAVGIFT FOR KLOAKK FOR FLEIRBUSTADBYGG

	Stip. forbruk	Fastdel	Forbruksdel
Blokker			
2 bustader	1,00 m3 pr. m2	1.046,-	Kr. 13,50pr. m3
3 - 4 bustader	1,02 m3 pr. m2	2.094,-	Kr. 13,50 pr. m3
5 eller fleire	1,05 m3 pr. m2	3.140,-	Kr. 13,50 pr. m3
Bukollektiv/bufellesskap			
2 bustader	1,00 m3 pr. m2	1.046,-	Kr. 13.50 pr. m3
3 - 4 bustader	1,02 m3 pr. m2	2.094,-	Kr. 13.50 pr. m3
5 eller fleire	1,05 m3 pr. m2	3.140,-	Kr. 13.50 pr. m3

AVGIFT FOR TØMMING AV SLAMAVSKILJAR

Abbonementar tilkoplta kommunalt anlegg kr. 1.087,-

Tømming av private septiktankar:

Tankar 0 - 4 m³ kr. 1.835,-

Tankar 4 - 10 m³ kr. 3.106,-

Tankar over 10 m³: Pr m³ over 10 kr. 482,-

TILKNYTINGSAVGIFT

Nybygg bustader/fritidshus	Vatn	Kloakk
Første eining uansett storleik	kr. 11.305,-	kr. 11.305,-
tillegg pr eining under 80 m2 BRA	kr. 3.426,-	kr. 3.426,-
tillegg pr eining over 80 m2 BRA	kr. 6.851,-	kr. 6.851,-
Maksimumsgebyr	kr. 34.262,-	kr. 34.262,-

Næringslokaler/fors.hus

For areal inntil 100 m2 bruksareal (BRA)	kr 11.305,-	kr 11.305,-
For areal inntil 500 m2 bruksareal (BRA)	kr. 28.549,-	kr. 28.549,-
For areal over 501 m2 bruksareal (BRA)	kr. 47.505,-	kr. 47.505,-

Tilknytingsavgifta skal betalast før påkopling.

SAKSHANDSAMINGSGEBYR**Frådeling og grensejustering**

Handsamingsgebyr for frådelingssøknader og søknad om grensejustering som ikkje er i samsvar med godkjent plan. Dette inkluderar evt. sakshandsaming etter jordlova. Konesjonssaker, 3 % av kjøpesum med minstegebyr på kr. 1.085,-.

Bustadtomt	kr. 2.325,-
Hyttetomt	kr. 3.358,-
Naust	kr. 1.743,-
Tilleggsareal/Justering/Andre	kr. 1.162,-

Private reguleringsframlegg jfr. PBL kap. VI og VII

Gebyr for handsaming av regulerings- og utbyggingsplanar. Kostnad med kunngjering dekkast av tiltakshavar:

Vesentleg endring av regulerings og utbyggingsplanar. Kostnad med kunngjering dekkast av tiltakshavar:

	Bustad og næringsbygg	Hytter
Planareal 0 - 5 da	kr. 20.000	kr. 25.000
Planareal 5 - 20 da	kr. 30.000	kr. 35.000
Planareal over 20 da	kr. 45.000	kr. 50.000
Ved mindre endringar av regulerings og utbyggingsplanar		kr. 4.000

BYGGJESØKNAD**Bustad/fritidshus**

Første eining uansett storleik:	kr. 4.200,-
tillegg pr eining > 80 m2 BRA	kr. 2.200,-
tillegg pr eining < 80 m2 BRA	kr. 1.630,-

Næringsbygg o.l.

Bygg under 500 m2 BRA	kr. 4.650,-
bygg over 500 m2 BRA	kr. 9.300,-

Meldingssaker / enkle tiltak

Meldingssaker	kr. 1.105,-
Enkelt tiltak	kr. 2.035,-

Sakshandsamingsgebyret skal betalast på førehand.

OPPMÅLINGSGEBYR

I medhald av delingslova av 23.06.78, med seinare endringar vert oppmålingsgebyret som fylgjer:

1. Gebyr for kartforretning og kombinert kart- og delingsforretning over areal til utbyggingsføremål og tilleggsareal.

Areal i m ²		
Frå	Til og med	Formel
0	1000	$Y = 1.639 + 4,20x$
1001	meir	$Y = 5.384 + 0,45 x$

Y = gebyr i kroner

X = areal i m²

2. Gebyr for kartforretning over grenser

Utrekningsgrunnlag	Tal grensepunkt (x)
--------------------	---------------------

Formel: $Y = 696 + 684 x$

Y= gebyr i kroner

X= tal grensepunkt

3. Gebyr for grensepåvisning

Vert brukt der det er tilfredsstillande målebrev.

Dersom naboar må kallast inn, vert det betalt gebyr etter pkt. 1 eller pkt. 2.

$$Y = 668 + 528 x$$

Y= gebyr i kroner

X= tal grensepunkt

4. Gebyr for kartforretning over punkt feste

for kartforretning over punkt feste vert betalt kr. 3.593,- dersom merking og/eller oppmåling i marka er naudsynt.

Dersom det ikkje er naudsynt med merking og/eller måling i marka, vert gebyr rekna som for registreringsbrev etter pkt. 9.

5. Gebyr for avbroten forretning

Ved tilbakekalling (etter at forretninga er tidfesta), avbrote eller annullert forretning vert betalt kr. 1.380,- pluss ein del av totalgebyret som vert fastsett etter skjøn av oppmålingsstyresmaktene på grunnlag av medgått tid.

Ved tilbakekalling før forretninga er fastsett vert det ikkje betalt gebyr.

6. Gebyr for påteikning av målebrev og ajourføring av målebrev

Delingslovas § 2-3, forskrifta kap. 11 og 20.

For påteikning ved grenseregulering/-justering og ajourføring av målebrev vert betalt kr. 1.449,-

Når nytt målebrev vert utsett i staden for at eldre målebrev vert ajourført, skal det ikkje betalast større gebyr enn ved ajourføring.

7. Gebyret for ajourført gjenpart til målebrev

Med ajourført gjenpart vert meint eit nytt dokument der alle grenser er kontrollert både på den aktuelle eigedomen og naboeigedomane. Alle aktuelle frådelingar og grensereguleringar skal takast med. For slik ajourført gjenpart vert betalt med 10% av gebyret for kartforretning, då minst kr. 1.449,-

8. Gebyr for registreringsbrev

Forskriftene kap. 27.

For utarbeiding av registreringsbrev vert betalt kr. 1.971,-.

Dersom den inskilde sak omfattar fleire registreringsnummer, kjem det tillegg på kr. 568,- for kvart ekstra registreringsnummer.

9. Gebyr for kart- og delingsforretning der delar av arbeidet vert utført av andre

Forskriftene 3.3.

For forretningar der delar av arbeidet vert utført av andre, t.d. N.V.E., N.S.B. m.fl. vert gebyret til kommunen fastsett etter kor stor del av arbeidet kommunen utførar etter fylgjande prosentkala.

Klargjering og registrering 30%

Innkalling og gjennomføring 20%

Merking inkl. materiell 10%

Måling, utrekning og utteikning 40%

Uavhenging av denne tabellen kan det inngåast særskilde avtalar med andre om fordeling av arbeidet.

10 Gebyr for kartforretning og kart- og delingsforretning over større samanhengjande areal.

For slike forretningar over større samanhengjande parsellar/eigedomar til landbruks-, almen fritids- og andre almennyttige føremål vert betalt etter medgått tid, avgrensa til maksimum halvt gebyr etter pkt. 1 og 2.

11. Gebyr utrekna på grunnlag av medgått tid

Gebyr for førenemnde satsar vert utrekna på grunnlag av medgatte timeverk.
Timesatsen skal reknast ut etter 1,2‰ av brutto årsløn for den enkelte arbeidstakar.
Minstegebyret er kr. 1.971,- .

12. Ekspedisjonsgebyr

Når rekvirenten samstundes leier og gjer det tekniske arbeidet , jfr. 3.3 i forskr., eller står føre arbeidet (kartarbeidet/dokumentasjon) for registreringsbrev, fell vanleg gebyr bort.

Det vert betalt eit ekspedisjonsgebyr på kr. 1.408,-. I tillegg kjem kr. 296,-. for kvart ekstra registreringsnummer dersom ikkje anna er avtalt. Jfr. forskr. 17.2.

13. Urimeleg gebyr

Dersom gebyret etter dette regulativet vert urimeleg høgt, kan formannskapet fastsetje eit høveleg gebyr.

I særskilde høve kan formannskapet etter søknad redusere gebyret.

14. Betalingsreglar

Gebyret skal betalast i kommunekassa etter rekningsoppgåve frå oppmålingsstyresmaktene.

Betaling skjer etter dei regulativ og dei satsar som gjeld på rekvisisjonstidspunktet. Dette gjeld også tinglysingsgebyr.

Betaling kan krevjast før det er fastsett tid og stad for forretninga, eller anna arbeid er sett i gang.

Gebyrsatsane inkluderer hjelpemannskap, bilgodtgjersle, administrasjons- utgifter, merkemateriell og arbeidet med merking av grenser.

Tinglysingsutgifter kjem i tillegg.

Meirverdiavgift vert ikkje rekna ved innkreving av gebyra, jfr. Skattedirektørens rundskriv av 30.01.87 frå Statsministerens kontor.

0068/07

REGULERING AV HUSLEIGA I KOMMUNALE BYGG 2008

Framlegg til vedtak::

Husleigene i kommunale bygg 2008 vert auka med 4%. Auken gjeld frå 01.07.2008.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Husleigene i kommunale bygg 2008 vert auka med 4%. Auken gjeld frå 01.07.2008.

0069/07

FESTEAVGIFT 2008**Framlegg til vedtak:**

Festeavgifta for 2008 vert fastsett til kr. 120,- pr. år for vanlege graver og kr. 70,- for barnegraver til barnegravfeltet.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

###Festeavgifta for 2008 vert fastsett til kr. 120,- pr. år for vanlege graver og kr. 70,- for barnegraver til barnegravfeltet.

0070/07

FASTSETJING AV RENOVASJONSGBEYR 2008**Framlegg til vedtak::**

I medhald av lov av 13.03.1981 nr. 6 (forureiningslova) § 34 vert avfallsgebyr for Samnanger kommune for 2007 fastsett i tilknytning til kommunen sitt budsjettvedtak for 2008. Vedtaket er i samsvar med framlegget frå BIR Privat a.s. Jmf. Forskrift for handtering av hushaldsavfall m.m. § 11.

Samnanger kommune vedteke at BIR Privat a.s. fakturerar og står for innkrevjing av avfallsgebyr på vegne av Samnanger kommune. Avfallsgebyret høyrer til Samnanger kommune.

Standardgebyret for renovasjon vert fastsett til **kr 1.670,-**. Av dette utgjer administrasjonsgebyret til BIR kr 30,-. Alle prisar er eks. mva.

Samnanger kommune ønskjer ikkje å ha eit kommunalt påslag på renovasjonsgebyret.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

I medhald av lov av 13.03.1981 nr. 6 (forureiningslova) § 34 vert avfallsgebyr for Samnanger kommune for 2007 fastsett i tilknytning til kommunen sitt budsjettvedtak for 2008. Vedtaket er i samsvar med framlegget frå BIR Privat a.s. Jmf. Forskrift for handtering av hushaldsavfall m.m. § 11.

Samnanger kommune vedteke at BIR Privat a.s. fakturerar og står for innkrevjing av avfallsgebyr på vegne av Samnanger kommune. Avfallsgebyret høyrer til Samnanger kommune.

Standardgebyret for renovasjon vert fastsett til **kr 1.670,-**. Av dette utgjer administrasjonsgebyret til BIR kr 30,-. Alle prisar er eks. mva.

Samnanger kommune ønskjer ikkje å ha eit kommunalt påslag på renovasjonsgebyret.

0071/07

FASTSETJING AV GODTGJERSLA TIL ORDFØRAR 2008

Framlegg til vedtak::

Ordførargodtgjersla vert frå 01.01.2008 sett til kr. 450.000 pr. år. Varaordførargodtgjersla vert sett til kr. 26.000 pr. år. Dette tilsvarer ein auke på mellom 4-4,5%.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Ordførargodtgjersla vert frå 01.01.2008 sett til kr. 450.000 pr. år. Varaordførargodtgjersla vert sett til kr. 26.000 pr. år. Dette tilsvarer ein auke på mellom 4-4,5%.

0072/07

BUDSJETT 2008.

Framlegg til vedtak::

Driftsbudsjettet 2008

Framlegg til budsjett for 2008 vert vedteke med desse endringane:

konto 1.1600.3030.6200 oppmåling	aukar med kr	18.000
konto 1.1600.3020.6201 byggjesakshandsaming	aukar med kr.	19.000
konto 1.1600.3380.6400 feiing	aukar med kr.	13.000
konto 1.1400.3200.8901 Sal av konsesjonskraft	aukar med kr.	200.000
konto 1.1500.3856.1200 Internasjonalt arbeid	aukar med kr.	10.000
konto 1.3100.2731.9500 Utflyttingstilskot	aukar med kr.	200.000
konto 1.3100.2344.4700 Ferie/velferdstilbod	aukar med kr	100.000
konto 1.1400.3255.2700 Småkraft	aukar med kr.	200.000
konto 1.1200.1800.4900 Tillegsløyving	aukar med kr.	140.000

Det vert teke stilling til omfanget av forvaltningskontroll i sentraladministrasjonen og teknisk når forprosjektet blir lagt fram til handsaming.

Kommunestyret ønskjer å gje eit velferds-/ferietilbod til funksjonshemma, eldre og andre grupper el. personar med særskilte behov. Det vert sett av kr. 100.000 på knt. 1.310.2344.4700 til føremålet. Administrasjonssjefen greier ut alternative tilbod. Tiltaket vert finansiert ved bruk av tillegsløyvingar.(Innarbeidd i lista over).

Det blir foretatt ein gjennomgang av heile **organisasjonen** i Samnanger. Administrasjonen vil til første møte i personal- og økonomiutvalet i 2008 leggja fram ei sak om organisering av arbeidet.

Kommunestyret vil i løpet av første kvartal 2008 ta stilling til vidare bruk av **kommunehuset**. Det blir ikkje sett i gang arbeid før dette er avklara.

Kommunestyret vil i løpet av våren 2008 foreta ei vurdering av **bustadsituasjonen** til **soknepresten**. Vurderinga skal omfatta ny bustad, totalrenovering av eksisterande og evt. bruk av annan kommunal bustad.

Investeringsbudsjett 2008

I tillegg til administrasjonssjefen sitt framlegg til investeringsbudsjett vert følgjande tiltak innarbeidd og finansiert ved bruk av kapitalfondet og næringsfondet:

- | | |
|------------------------|---------------|
| ✓ Reiskapshus kyrkja | kr. 800.000 |
| ✓ Brannbil | kr. 2.000.000 |
| ✓ Heis Samnangerheimen | kr. 300.000 |

Følgjande tiltak vert trekt ut:

- | | |
|---------------------|-------------|
| ✓ Heis kommunehuset | kr. 600.000 |
|---------------------|-------------|

Ytre Tysse: Tot. 1,5 mill fordelast kr. 670.000 opprusting veg over Tyssereinane og kr. 830.000 avsett til miljøgate, kai og minnepark.

Merknad: Før brannbilen vert sett i bestilling, skal det undersøkjast om det er mogleg å skaffa ein rimelegare brannbil.

”Bedrifta Fjordtønna på indre Tysse er med i prosjektet Economuseè. Det er eit opplevingsretta reiselivssopplegg i store skala som er utvikla i Canada, og som Hordaland Fylkeskommune har teke initiativ til å introdusera i Noreg. Produksjonen til Fjordtønna byggjer på dei gamle bøkkertradisjonane i regionen. For å ha visningsstatus er det krav som at tilreisande grupper skal nå bedrifta med buss. Det er krav om oppstillingsplass for bussar. Eit visningssenter vil kunna opna for interessante nye marknader. I same område er det meldt inn interesse frå fleire grunneigarar om å fremja reg.plan for bustader (m.a. er det gamle regulerte området over Fjellheimsfeltet nemnt).

Næring og bustad er satsingsområde i kommuneplanen. Vegen opp til Indre Tysse er i dag kommunal veg. Vegen er ein av dei kommunale vegane som står til vurdering om å overdragast til private. Ein vil koma tilbake til trongen for kommunal medverknad til utbetring av vegen på Indre Tysse når det er gjort endeleg vedtak om vegen framleis skal vera kommunal eller ikkje. Kostnadsoverslag er sett til kr. 1.686.000.

Handsaming i møte:

Budsjettet vart drøfta.

Jon Magne Bogevik sette fram følgjande endringsframlegg i høve til framlegg til vedtak:

” Investeringsbudsjettet 2008

- Reiskapshus red. med 300.000 til 500.000
- Brannbil red. 500.000 til 1.500.000
- Prosjektering utb. Samnangerheimen auka med 300.000 til 300.000
- Prosjektering Hagabotnane auka med 200.000 til 200.000
- Småkraft auke til aksjekjøp med 200.000 til 200.000
- Prosjektering fleirbrukshall auke med 100.000 til 100.000

Driftsbudsjettet 2008

- Småkraftprosjektet redusert med 200.000 til 0
- Skulen kjøp bøker - auka med 150.000
- Helsetunet kjøp av utstyr - auka med 50.000.
- Kulturskulen kjøp av utstyr – auka med 50.000.
- Driftsbudsjettet vert auka med kr. 250.000 ved sal av konsesjonskraft. ”

Brigt Olav Gåsdaal ba om gruppemøte etter siste innlegg.

Møtet vart mellombels heva.

Møtet vart sett og debatten heldt fram.

Nils Gåsdaal sette fram følgjande framlegg:

” Investeringsbudsjettet 2008 – kr. 600.000 til heis kommunehuset vert ikkje trekt ut frå investeringsbudsjettet. Brannbil blir sett ned med kr. 200.000 og sal av Frøland skule er kr. 400.000.”

Marit Aase sette fram følgjande framlegg: ”Konsesjonskrafta vert auka med kr. 1.200.000. knt. 1.1400.3200.8901 og avsett på disposisjonsfondet 1.1400.3200.5400 . ”

Ordførar og varaordførar orienterte om røystinga som kommunestyret slutta seg til.

Røysting over budsjettet 2008 – drift og investering

Det vart først røysta over framlegget til Bogevik. 3 røysta for Bogevik sitt framlegg som ikkje vart vedteke.

Deretter vart det røysta over Gåsdaal sitt framlegg, som fekk 4 røyster og ikkje vart vedteke.

Deretter vart det røysta over framlegget til Aase som fekk 18 røyster og vart vedteke.

Til slutt vart det røysta over framlegget frå PØ med den vedtekne endringa. 17 røysta for framlegget og budsjettet for 2008 vart vedteke.

Vedtak:

Driftsbudsjettet 2008

Framlegg til budsjett for 2008 vert vedteke med desse endringane:

konto 1.1600.3030.6200 oppmåling	aukar med kr	18.000
konto 1.1600.3020.6201 byggjesakshandsaming	aukar med kr.	19.000
konto 1.1600.3380.6400 feiing	aukar med kr.	13.000
konto 1.1400.3200.8901 Sal av konsesjonskraft	aukar med kr.	200.000
konto 1.1500.3856.1200 Internasjonalt arbeid	aukar med kr.	10.000
konto 1.3100.2731.9500 Utflyttingstilskot	aukar med kr.	200.000
konto 1.3100.2344.4700 Ferie/velferdstilbod	aukar med kr	100.000
konto 1.1400.3255.2700 Småkraft	aukar med kr.	200.000
konto 1.1200.1800.4900 Tilleggslyyving	aukar med kr.	140.000
konto 1.1400. 3200.8901 konsesjonskraft	aukar med kr.	1.200.000
konto 1.1400.3200.5400 disposisjonsfond	aukar med kr.	1.200.000

Det vert teke stilling til omfanget av forvaltningskontroll i sentraladministrasjonen og teknisk når forprosjektet blir lagt fram til handsaming.

Kommunestyret ønskjer å gje eit velferds-/ferietilbod til funksjonshemma, eldre og andre grupper el. personar med særskilte behov. Det vert sett av kr. 100.000 på knt. 1.310.2344.4700 til føremålet. Administrasjonssjefen greier ut alternative tilbod. Tiltaket vert finansiert ved bruk av tilleggsøyvingar.(Innarbeidd i lista over).

Det blir foretatt ein gjennomgang av heile **organisasjonen** i Samnanger. Administrasjonen vil til første møte i personal- og økonomiutvalet i 2008 leggja fram ei sak om organisering av arbeidet.

Kommunestyret vil i løpet av første kvartal 2008 ta stilling til vidare bruk av **kommunehuset**. Det blir ikkje sett i gang arbeid før dette er avklara.

Kommunestyret vil i løpet av våren 2008 foreta ei vurdering av **bustad**situasjonen til **soknepresten**. Vurderinga skal omfatta ny bustad, totalreovering av eksisterande og evt. bruk av annan kommunal bustad.

Investeringsbudsjett 2008

I tillegg til administrasjonssjefen sitt framlegg til investeringsbudsjett vert følgjande tiltak innarbeidd og finansiert ved bruk av kapitalfondet og næringsfondet:

- | | |
|------------------------|---------------|
| ✓ Reiskapshus kyrkja | kr. 800.000 |
| ✓ Brannbil | kr. 2.000.000 |
| ✓ Heis Samnangerheimen | kr. 300.000 |

Følgjande tiltak vert trekt ut:

- | | |
|---------------------|--------------|
| ✓ Heis kommunehuset | kr . 600.000 |
|---------------------|--------------|

Ytre Tysse: Tot. 1,5 mill fordelast kr. 670.000 opprusting veg over Tyssereinane og kr. 830.000 avsett til miljøgate, kai og minnepark.

Merknad: Før brannbilen vert sett i bestilling, skal det undersøkjast om det er mogleg å skaffa ein rimelegare brannbil.

”Bedrifta Fjordtønna på indre Tysse er med i prosjektet Economuseè. Det er eit opplevingsretta reiselivssopplegg i store skala som er utvikla i Canada, og som Hordaland Fylkeskommune har teke initiativ til å introdusera i Noreg. Produksjonen til Fjordtønna byggjer på dei gamle bøkkertradisjonane i regionen. For å ha visningsstatus er det krav som at tilreisande grupper skal nå bedrifta med buss. Det er krav om oppstillingsplass for bussar. Eit visningssenter vil kunna opna for interessante nye marknader. I same område er det meldt inn interesse frå fleire grunneigarar om å fremja reg.plan for bustader (m.a. er det gamle regulerte området over Fjellheimsfeltet nemnt).

Næring og bustad er satsingsområde i kommuneplanen. Vegen opp til Indre Tysse er i dag kommunal veg. Vegen er ein av dei kommunale vegane som står til vurdering om å overdragast til private. Ein vil koma tilbake til trongen for kommunal medverknad til utbetring av vegen på Indre Tysse når det er gjort endeleg vedtak om vegen framleis skal vera kommunal eller ikkje. Kostnadsoverslag er sett til kr. 1.686.000.

Framlegg til vedtak::

ØKONOMIPLAN SAMNANGER KOMMUNE 2008 - 2011

HOVEDOVERSIKT DRIFTSBUDSJETT

TEKST	KOSTRAART	2 008	2 009	2 010	2 011
Driftsinntekter					
Brukarbetaling	600-619	5 434	5 434	5 434	5 434
Andre sals- og leigeinntekter	620-679	8 197	8 197	8 197	8 197
Overføring med krav til motytingar	700-779	11 365	11 365	11 365	11 365
Rammetilskot frå staten	800	38 300	38 500	38 500	38 500
Andre statlege tilskot	810-819	3 529	3 529	3 529	3 529
Andre overføringar	830-859/880-899	5 080	5 580	5 580	5 580
Inntekts og formueskatt	870-873	47 160	47 160	47 160	47 160
Eigedomsskatt	874-876	8 552	8 552	8 552	8 552
Andre direkte og indirekte skattar	877-879	823	823	823	823
Sum driftsinntekter		128 440	129 140	129 140	129 140
Driftsutgifter					
Lønnsutgifter	010-089+(160-169)	69 659	69 000	69 203	69 500
Sosial utgifter	090-099	20 281	19 736	20 150	20 150
Kjøp av varer og tj. Inngår i prod.	100-289-(160-169)	15 220	15 220	15 220	15 220
Kjøp -v. og tj. som erstattar eigenprod.	300-399	5 847	5 847	5 847	5 847
Overføringar	400-490	11 633	11 633	11 633	11 633
Avskrivningar	590	5 030	5 030	5 030	5 030
Sum driftsutgifter		127 670	126 466	127 083	127 380
Driftsresultat		770	2 674	2 057	1 760
Finansinntekter					
Renteinntekt og utbytte	900-909	1 773	1 800	1 800	1 800
Mottekne avdrag på lån	920-929	30	30	30	30
Sum eksterne finansinntekter		1 803	1 830	1 830	1 830
Finansutgifter					
Renteutgifter og låneomkostn.	500-509	4 466	4 355	4 077	3 810
Avdrag på lån	510-519	4 848	4 611	4 272	4 242
Sosial- og næringslån	520-529	30	30	30	30
Sum eksterne finansutgifter		9 344	8 996	8 379	8 082
Resultat eksterne finanstransaks.		7 541	7 166	6 549	6 252
Motpost for avskrivningar	990	-5 030	-5 030	-5 030	-5 030
Res. Før int. transaksj.(netto dr.res)		1 741	-538	-538	-538
Interne finans transaksjonar					
Bruk av udisponert frå tidl. År	930	1 000	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	940-947	268	0	0	0
Bruk av bundne fond	950-959	285	285	285	285
Bruk av likviditetsreserve	960	1 096	0	0	0
Sum bruk avsetningar		2 649	285	285	285
Overført til kapitalrekneskapen	570	0	0	0	0
Avsatt til dekking frå tidl. År (underskot)	530	0			0
Avsett til disposisjonsfond/avsett likviditetsres.	540-547/560	0	0	0	0
Avsett til bundne fond	550-559	908	823	823	823
Sum avsetningar		908	823	823	823
Udisponert (overskot)	580	0	0	0	0
til dekking seinare år (underskot)	980	0	0	0	0
Resultat etter interne finanstransaksjonar		0	0	0	0

Investeringsbudsjett perioden 2008-2011

	2008	2009	2010	2011
Planarbeid				
Reguleringsplan Reistad	200 000			
Reguleringsplan bustad Lønnebakken	250 000			
Senter funksjonshemma planlegging	150 000			
Industriområdet Rolvsvåg	200 000			
Bygningar				
Kommunehuset utvendig rehabilitering	750 000			
Heis Samnangerheimen	300 000			
Ådland kyrkj, reiskapshus m.m.	800 000			
Vassforsyning				
Ytre Tysse	1 500 000			
Avløp				
Gjerde - slamavskiljar	100 000			
VA indre Tysse - Hagamulen	300 000			
Ytre Tysse				
Miljøgat, kai, minnepark m.m.	830 000			
opprusting veg over Tyssereinane	670 000			
Andre type tiltak				
Brannbil	2 000 000			
Totale investeringar	8 050 000			

Handsaming i møte:

Jon Magne Bogevik sette fram følgjande endringsframlegg i høve til framlegg til vedtak:

” **Investeringsbudsjettet 2008**

- Reiskapshus red. med 300.000 til 500.000
- Brannbil red. 500.000 til 1.500.000
- Prosjektering utb. Samnangerheimen auka med 300.000 til 300.000
- Prosjektering Hagabotnane auka med 200.000 til 200.000
- Småkraft auke til aksjekjøp med 200.000 til 200.000
- Prosjektering fleirbrukshall auke med 100.000 til 100.000”

Marit Aase sette fram følgjande tilleggsframlegg: ”Konsesjonskrafta vert auka med kr. 1.200.000 som vert avsett på disposisjonsfondet.”

Det vart først røysta over framlegg til driftsbudsjett i økonomiplanperioden frå PØ med tillegg frå Aase. Samrøystes vedteke.

Deretter vart det røysta alternativt over PØ sitt framlegg til investeringsbudsjett for planperioden og Bogevik sitt framlegg. PØ sitt framlegg vart vedteke med 16 røyster mot 5 som røysta for Bogevik sitt framlegg.

Vedtak:

ØKONOMIPLAN SAMNANGER KOMMUNE 2008 - 2011

HOVEDOVERSIKT DRIFTSBUDSJETT

TEKST	KOSTRAART	2 008	2 009	2 010	2 011
Driftsinntekter					
Brukarbetaling	600-619	5 434	5 434	5 434	5 434
Andre sals- og leigeinntekter	620-679	8 197	8 197	8 197	8 197
Overføring med krav til motytingar	700-779	11 365	11 365	11 365	11 365
Rammetilskot frå staten		800	38 300	38 500	38 500
Andre statlege tilskot	810-819	3 529	3 529	3 529	3 529
Andre overføringar	830-859/880-899	6 280	6 780	6 780	6 780
Inntekts og formueskatt	870-873	47 160	47 160	47 160	47 160
Eigedomsskatt	874-876	8 552	8 552	8 552	8 552
Andre direkte og indirekte skattar	877-879	823	823	823	823
Sum driftsinntekter		128 440	129 140	129 140	129 140
Driftsutgifter					
Lønnsutgifter	010-089+(160-169)	69 659	69 000	69 203	69 500
Sosial utgifter	090-099	20 281	19 736	20 150	20 150
Kjøp av varer og tj. Inngår i prod.	100-289-(160-169)	15 220	15 220	15 220	15 220
Kjøp -v. og tj. som erstattar eigenprod.	300-399	5 847	5 847	5 847	5 847
Overføringar	400-490	11 633	11 633	11 633	11 633
Avskrivningar		590	5 030	5 030	5 030
Sum driftsutgifter		127 670	126 466	127 083	127 380
Driftsresultat		770	2 674	2 057	1 760
Finansinntekter					
Renteinntekt og utbytte	900-909	1 773	1 800	1 800	1 800
Mottekne avdrag på lån	920-929	30	30	30	30
Sum eksterne finansinntekter		1 803	1 830	1 830	1 830
Finansutgifter					
Renteutgifter og låneomkostn.	500-509	4 466	4 355	4 077	3 810
Avdrag på lån	510-519	4 848	4 611	4 272	4 242
Sosial- og næringslån	520-529	30	30	30	30
Sum eksterne finansutgifter		9 344	8 996	8 379	8 082
Resultat eksterne finanstransaks.		7 541	7 166	6 549	6 252
Motpost for avskrivningar	990	-5 030	-5 030	-5 030	-5 030
Res. Før int. transaksj.(netto dr.res)		1 741	-538	-538	-538
Interne finans transaksjonar					
Bruk av udisponert frå tidl. År	930	1 000	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	940-947	268	0	0	0
Bruk av bundne fond	950-959	285	285	285	285
Bruk av likviditetsreserve	960	1 096	0	0	0
Sum bruk avsetningar		2 649	285	285	285
Overført til kapitalrekneskapan	570	0	0	0	0
Avsatt til dekking frå tidl. År (underskot)	530	0			0
Avsett til disposisjonsfond/avsett likviditetsres.	540-547/560	1 200	1200	1 200	1 200
Avsett til bundne fond	550-559	908	823	823	823
Sum avsettingar		908	823	823	823
Udisponert (overskot)	580	0	0	0	0
til dekking seinare år (underskot)	980	0	0	0	0
Resultat etter interne finanstransaksjonar		0	0	0	0

Investeringsbudsjett perioden 2008-2011

	2008	2009	2010	2011
Planarbeid				
Reguleringsplan Reistad	200 000			
Reguleringsplan bustad Lønnebakken	250 000			
Senter funksjonshemma planlegging	150 000			
Industriområdet Rolvsvåg	200 000			
Bygningar				
Kommunehuset utvendig rehabilitering	750 000			
Heis Samnangerheimen	300 000			
Ådland kyrkj, reiskapshus m.m.	800 000			
Vassforsyning				
Ytre Tysse	1 500 000			
Avløp				
Gjerde - slamavskiljar	100 000			
VA indre Tysse - Hagamulen	300 000			
Ytre Tysse				
Miljøgat, kai, minnepark m.m.	830 000			
opprusting veg over Tyssereinane	670 000			
Andre type tiltak				
Brannbil	2 000 000			
Totale investeringar	8 050 000			

0074/07

**UTTALE TIL FRAMLEGG TIL NY STRUKTUR FOR POLITISTASJONS- OG
LENSMANNSDISTRIKTA I HORDALAND POLITIDISTRIKT**

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune går inn for å oppretthalda Samnanger lensmannskontor som eiga driftseining, med same bemanning og tenestetilbod som i dag.

Samnanger kommune går inn for samarbeidsordningar mellom tenestestadane i distriktet som kan gje betre vaktordningar og ei meir publikumsretta polititeneste og som betrar arbeidstilhøva for dei tilsette.

Samnanger kommune meiner at i ein eventuell samarbeidsregion Fusa, Samnanger og Kvam peikar Samnanger seg ut som eit naturleg sentrum for vakt- og beredskapstenesta. Til grunn for dette ligg reiseavstandar og trafikkmønster.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune går inn for å oppretthalda Samnanger lensmannskontor som eiga driftseining, med same bemanning og tenestetilbod som i dag.

Samnanger kommune går inn for samarbeidsordningar mellom tenestestadane i distriktet som kan gje betre vaktordningar og ei meir publikumsretta polititjeneste og som betrar arbeidstilhøva for dei tilsette.

Samnanger kommune meiner at i ein eventuell samarbeidsregion Fusa, Samnanger og Kvam peikar Samnanger seg ut som eit naturleg sentrum for vakt- og beredskapstjenesta. Til grunn for dette ligg reiseavstandar og trafikkmønster.

0075/07

KLAGENEMND - EIGEDOMSSKATT 2008-11.

Framlegg frå arbeidsutvalet:

Medlem: Arild Gjerde, John Olav Hisdal, Marit Lønnebakken

Varamedl.: Martha Karin Nymark, Arild Røen

Arild Gjerde vert leiar og John Olav Hisdal vert nestleiar.

Etter 2 år skal det vera nytt val.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Leiar: Arild Gjerde,

Nestleiar: John Olav Hisdal,

Medl. Marit Lønnebakken

Varamedl.: Martha Karin Nymark, Arild Røen

Etter 2 år skal det vera nytt val.

0076/07

VAL AV FORLIKSRAÐSMEDLEMMAR 1. MAI 2008 TIL 1. JANUAR 2013.

Handsaming i møte:

Arbeidsutvalet sette fram følgjande framlegg som vart samrøystes vedteke:

Forliksrådsmedl frå 1 mai 2008-1.januar 2013:

Heidi Fossdal – leiar

Asbjørn Moss

Sigmund Solvang

Vara: Karin Waage Knutsen

Hallstein Utskot”

Vedtak:

Forliksrådsmedlemmer frå 1 mai 2008-1.januar 2013.

Heidi Fossdal – leiar

Asbjørn Moss

Sigmund Solvang

Vara: Karin Waage Knutsen

Hallstein Utskot

0077/07

**LAGRETTEMEDLEMMER OG MEDDOMMARAR FOR GULATING
LAGMANSRETT 01.05.08
31.12.12.**

Handsaming i møte:

Arbeidsutvalet sette fram følgjande framlegg:

”Lagrettemedlemmer og meddommarar for Guleting lagmansrett 01.05.08-31.12.12;

Sture Tveit

Berit Hauge Aadland”

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Lagrettemedlemmer og meddommarar for Guleting lagmansrett 01.05.08-31.12.12;

Sture Tveit

Berit Hauge Aadland.

0078/07

VAL AV SKJØNNSMENN 2008 TIL 2012.

Handsaming i møte:

Arbeidsutvalet sette fram følgjande framlegg:

”Skjønnsmenn 2008-2012:

Ivar Berland

Ove Sandvik

Karin Steinsland

Anne Tandstad”

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Skjønnsmenn 2008-2012:

Ivar Berland

Ove Sandvik

Karin Steinsland

Anne Tandstad

0079/07

JORDSKIFTEMEDDOMMARAR 2008 - 2012.

Handsaming i møte:

Arbeidsutvalet sette fram følgjande framlegg:

Jordskifte dommarar 2008 – 2012:

Knut B. Langeland, Steinsland, 5650 Tysse
 Norvald Kulild, 5650 Tysse
 Arne Frøland, 5650 Tysse
 Kårstein Kleivane, 5650 Tysse
 Rune Teige, 5650 Tysse
 Hallstein Utskot, 5650 Tysse
 Ole Totland, 5650 Tysse
 Jann Haugen, 5652 Årland
 Magne Haugen, 5652 Årland
 Idar Reistad, 5652 Årland
 Torger Langeland, 5650 Tysse
 John Bjarne Hisdal, 5652 Årland
 Ove Aasebø, 5652 Årland
 Øyvind Røen, 5652 Årland
 Sven Tore Kulleseid, 5650 Tysse
 Torleif Våge, 5652 Årland
 Reidun Langeland, 5650 Tysse
 Solvor Aadland, 5652 Årland
 Eldrid Blomdal, 5650 Tysse
 Audhild Olsnes, 5650 Tysse
 Anita Røseth, 5652 Årland”
 Samrøystes vedteke.

Vedtak:**### Jordskifte dommarar 2008 – 2012:**

Knut B. Langeland, Steinsland, 5650 Tysse
 Norvald Kulild, 5650 Tysse
 Arne Frøland, 5650 Tysse
 Kårstein Kleivane, 5650 Tysse
 Rune Teige, 5650 Tysse
 Hallstein Utskot, 5650 Tysse
 Ole Totland, 5650 Tysse
 Jann Haugen, 5652 Årland
 Magne Haugen, 5652 Årland
 Idar Reistad, 5652 Årland
 Torger Langeland, 5650 Tysse
 John Bjarne Hisdal, 5652 Årland
 Ove Aasebø, 5652 Årland
 Øyvind Røen, 5652 Årland
 Sven Tore Kulleseid, 5650 Tysse
 Torleif Våge, 5652 Årland
 Reidun Langeland, 5650 Tysse
 Solvor Aadland, 5652 Årland
 Eldrid Blomdal, 5650 Tysse
 Audhild Olsnes, 5650 Tysse
 Anita Røseth, 5652 Årland

0080/07

MEDDOMMARAR TIL NORDHORDLAND TINGRETT FRÅ 01.05.08-01.01.13**Handsaming i møte:**

Arbeidsutvalet sette fram følgjande framlegg:

” Meddommarar til Nordhordland tingrett 2008 – 2012

MENN:	KVINNER:
Eivinn Tysseland, 5650 Tysse	Gro Hadeland Røsseland, 5650 Tysse
Dag Nydal, 5650 Tysse	Annlaug Røen Hauge, 5652 Årland
Bjarne Våge, 5652 Årland	Heidi Fossdal, 5650 Tysse
Inge Aasgaard, 5650 Tysse	Kjersti Erstad, 5652 Årland
Gunnar Bruvik, 5650 Tysse	Sissel Hisdal, 5652 Årland
Arild Fanebust, 5652 Årland	Mette Haugen, 5652 Årland
Nils Arne Teige, 5650 Tysse	Oddveig Haugen, 5652 Årland
Per Storli, 5650 Tysse	Olga Katla, 5650 Tysse
Kåre Skar, 5652 Årland	Kirsten Dalane Kleivane, 5650 Tysse
Olav Aarvik, 5650 Tysse	Margunn Lønnebakken, 5650 Tysse
Håvard Heggernes, 5652 Årland	Tyra Pedersen, 5650 Tysse
John Olav Hisdal, 5652 Årland	Vibeke Raae, 5650 Tysse
Kristian Jørgensen, 5650 Tysse	Inger Odland, 5652 Årland
Ove Sandvik, 5650 Tysse	Jorunn Oldervoll, 5652 Årland
Ole Totland, 5650 Tysse	Siw Merete Lønnebakken, 5652 Årland
Jarle Haga, 5650 Tysse	Karin Børdal Tveit, 5650 Tysse
Harald Langeland, 5650 Tysse	Olaug Øystese, 5652 Årland
Geir Markhus, 5650 Tysse	Monica Tjønnna, 5650 Tysse
Jørgen Jørgensen, 5650 Tysse	Vibeke B. Våge, 5652 Årland
Terje Hoseth Næss, 5650 Tysse	Kari Øpstebø, 5652 Årland
	Guro Berit Kolle Østvik, 5652 Årland

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Meddommarar til Nordhordland tingrett 2008 – 2012

MENN:	KVINNER:
Eivinn Tysseland, 5650 Tysse	Gro Hadeland Røsseland, 5650 Tysse
Dag Nydal, 5650 Tysse	Annlaug Røen Hauge, 5652 Årland
Bjarne Våge, 5652 Årland	Heidi Fossdal, 5650 Tysse
Inge Aasgaard, 5650 Tysse	Kjersti Erstad, 5652 Årland
Gunnar Bruvik, 5650 Tysse	Sissel Hisdal, 5652 Årland
Arild Fanebust, 5652 Årland	Mette Haugen, 5652 Årland
Nils Arne Teige, 5650 Tysse	Oddveig Haugen, 5652 Årland
Per Storli, 5650 Tysse	Olga Katla, 5650 Tysse
Kåre Skar, 5652 Årland	Kirsten Dalane Kleivane, 5650 Tysse
Olav Aarvik, 5650 Tysse	Margunn Lønnebakken, 5650 Tysse
Håvard Heggernes, 5652 Årland	Tyra Pedersen, 5650 Tysse
John Olav Hisdal, 5652 Årland	Vibeke Raae, 5650 Tysse
Kristian Jørgensen, 5650 Tysse	Inger Odland, 5652 Årland

Ove Sandvik, 5650 Tysse	Jorunn Oldervoll, 5652 Årland
Ole Totland, 5650 Tysse	Siw Merete Lønnebakken, 5652 Årland
Jarle Haga, 5650 Tysse	Karin Børdal Tveit, 5650 Tysse
Harald Langeland, 5650 Tysse	Olaug Øystese, 5652 Årland
Geir Markhus, 5650 Tysse	Monica Tjønnå, 5650 Tysse
Jørgen Jørgensen, 5650 Tysse	Vibeke B. Våge, 5652 Årland
Terje Hoseth Næss, 5650 Tysse	Kari Øpstebø, 5652 Årland
	Guro Berit Kollø Østvik, 5652 Årland